



Kommunal- og moderniseringsdepartementet,  
Postboks 8112 Dep.,  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## **Tilskot ved skjøn for 2019 – fordeling av resten av ramma - Hordaland**

Fylkesmannen i Vestland har for 2019 kr 5,95 mill. i attståande skjønsramme for Hordalands-kommunane.

Vi legg opp til følgjande fordeling av denne ramma mellom kommunane:

|                |               |
|----------------|---------------|
| 1201 Bergen    | kr 0,4 mill.  |
| 1242 Samnanger | kr 1,4 mill.  |
| 1247 Askøy     | kr 2,25 mill. |
| 1264 Austrheim | kr 1,9 mill.  |
| Sum            | kr 5,95 mill. |

Vi har følgjande kommentarar for kvar kommune:

### 1201 Bergen

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap gav i 2016 Bergen kommune pålegg om å etablera ein felles 110-sentral for Hordaland og Sogn og fjordane. Samanslåingsprosessen er organisert som eit prosjekt under namnet «Vest 110-region».

Bergen kommune ynskjer å kartleggja kompetansenivået til operatørane ved dei noverande to sentralane. Det er viktig at kompetanse om klimabaserte hendingar og handtering av desse er best mogleg hos operatørane i 110-sentralen. Det er ynskjeleg at operatørane skal få god trening med å handtera fleire hendingar på same tid.

Bergen brannvesen har utvikla eit system som gjer det mogleg å strøyme direkte frå mobiltelefon inn til 110-sentralen. Strøymeløysinga skal fungera på dei fleste smarttelefonar. Det er første gong systemet blir teke i bruk i Noreg.

Bergen kommune har søkt om kr 400.000,- til prosjektet «Vest 110-region». Dette utgjer om lag 50 prosent av kostnadene til nemnde kartlegging av kompetansenivået, kompetanseutvikling og den nye strøymetenesta.



Tilskot, kr 0,4 mill.

#### 1242 Samnanger

Det var i september 2018 to ras over vegbane på Lid i Samnanger kommune. Begge rasa gjorde det nødvendig med opprydding av vegbane.

Vi har motteke oversyn som viser utgiftene til opprydding og sikring etter dei to rasa. Samla utgifter er opplyst til kr 284.000,- eksklusiv meirverdiavgift. Utgiftene er for låge til at det er grunnlag for å søkja om kompensasjon frå departementet. Fylkesmannen vil difor dekka dette over eiga skjønsramme.

Kommunen har hatt ekstraordinære utgifter i samband med gransking av barnevernsaker. Utgiftene omfattar både sjølve granskingsa og oppreising til foreldre og barn. Oversyn frå kommunen viser at det til no har vore utgifter på kr 1,6 mill. Det er rekna med at det vil kome ytterlegare utgifter knytte til barnevernsakene.

Kompensasjon omfattar både ras og barnevernsaker.

Tilskot, kr 1,4 mill.

#### 1247 Askøy

Askøy kommune hadde i juni i år smitte i drikkevatnet som førte til omfattande sjukdomsutbrot i den sørlege delen av kommunen. Kommunen har gjennomført tiltak for å sikra trygt drikkevatn, handtering av mange sjuke og nærmere undersøking for å finna årsaker og verknader.

Kommunen hadde meirutgifter knytte til handteringen av sjølve krisa. Dette var til personell og tiltak innan vatn & avlaup, legevakt og andre krisetiltak. Kommunen hadde blant anna meirutgifter på om lag kr 0,6 mill. til legevakt i den akutte fasen. Kommunen har søkt om kompensasjon kr 1,0 mill. for dei samla meirutgiftene knytte til handteringen av sjølve krisa.

Universitetet i Bergen ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin vil gjennomføra forsking på smitteutbrotet i samarbeid med Helse Bergen og kommunen. Dette er viktig for innbyggjarar, kommune og nasjonale interesser generelt. Kommunen må bidra med personell m.m. i forskingsperioden. Det vil bli gjennomført gransking av hendinga og årsakene til denne. Kommunen har søkt om kr 1,0 mill. til forsking og gransking av hendinga.

Kommunen viser til at eit prosjekt med sikt på kvalitetsutvikling, basert på erfaringar og kunnskap frå hendinga, vil vera av nasjonal interesse. For at kommunen skal kunne gje ein innsats av nytte og verdi for fleire kommunar, er det behov for prosjektleiar og ekstern fagkompetanse ut 2020. Kommunen har søkt om kompensasjon kr 1,7 mill. til kvalitetsutvikling basert på erfaringane frå hendinga.

Vi vil først og fremst gi kompensasjon for utgifter knytte til den konkrete handteringen av krisa og til forsking og gransking av hendinga.

Tilskot, kr 2,25 mill.

#### 1264 Austrheim



Kommunen har hatt eit godt inntektsgrunnlag, både som følgje av høg personskatt og eige-domsskatt frå ein del av Mongstadianlegget. Det ordinære skattenivået er blitt vesentleg redusert samanlikna med landsgjennomsnittet i dei siste åra. Det skuldast arbeidsløyse knytt til den vanskelege situasjonen som har vore i oljenæringa.

Kommunen har attståande meirforbruk i rekneskapen, knapt kr 5,0 mill., og er registrert Robek. Attståande meirforbruk er planlagt dekt inn i 2019 og 2020.

Kommunen har, etter avtale med Fylkesmannen, gjort nærmere greie for tiltak med sikte på å tilpassa driftsnivået til eit lågare nivå og styrka økonomien.

Talet på stillingar er reduserte samanlikna med 2017. Det er lagt opp til ytterlegare reduksjon i stillingar i år. Analyse av organisasjonen har synt dei områda der kommunen har hatt høgare utgifter enn samanliknbare kommunar.

Det er sett i gang fleire tiltak basert på analysen, blant anna:

Gjennomgang av den administrative organiseringa. Denne vil bli justert. Det er gjennomført eige prosjekt knytt til spesialundervisning, som har ført til reduksjon i samla utgifter til denne undervisninga. Gjennom prosjekt for strategisk eigedomsforvaltning er det synleggjort eigedomar som kommunen kan selje. Det er selt nokre kommunale eigedomar.

Investeringane er reduserte vesentleg. Det blir no i hovudsak berre investert i vassverk. Dette vil vera fullt ut sjølvfinansierande. Det skal i liten grad bli gjennomført andre investeringar inntil vidare.

Det blir arbeidd inn mot nye Alver kommune for å få til eit samarbeid om barnevern.

Rekneskapsrapport per juli 2019 syner at den faktiske økonomiske utviklinga er i samsvar med budsjettet. For siste halvår er det særleg uvisse knytt til utgiftene til barnevern og sosialstønad, jf. sysselsetjing av flyktningar.

Tilskot, kr 1,9 mill.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
assisterande fylkesmann

Gjenpart:



Kommunane Bergen, Samnanger, Askøy, Austrheim

Sigmund Engdal, Kommunenes sentralforbund, Postboks 1378 Vik, 0114 Oslo

*Dokumentet er elektronisk godkjent*